




Oppland



ÅRSMELDING  
OPPLAND  
BYGDEKVINNELAG  
2022



Kjære Bydekvinner!

2022 - året da vi skulle attende til det livet vi hadde i februar 2020. Sjølv har eg tenkt mykje på Februar 2020. Vi møttes, handhelste, og vi klemmerar klemde mange i løpet av ei veke..... Så kom tida der vi såg stygt på dei som var så uheldige å hoste, eller vi gav knapt dei vi budd samen med ein klem. Vi gjekk store omvegar for folk, og det sosiale livet vart nesten borte.

No skriv vi mars 2023, og det vande livet er på veg attende. Heldigvis. Men utfordringane står i kø.

Mange av dykk bidreg der dykk kan, både med timar, klede og mat. Eg blir så glad når eg ser engasjementa rundt om!

Beredskap er det mykje prat om. Og beredskap er så mykje. Og vi må vera i forkant. Eit ordtak sier "nyttar ikkje snyte seg når nasen er borte", og slik er det med beredskap og. Vi må bygge beredskap når vi ikkje treng det, slik at vi har det den dagen vi eventuelt treng det.

Mat og forsvar treng vi sikre oss. Kornlager må oss fylle opp att, for å sikre oss mot uår. Og fleire kan kanskje dyrke noko sjølve. No les vi i media om for lite grønnsaker i verda. Her til lands kan rotgrønnsaker vera godt å finne att skulle det bli så gale her.


Ein annan ting som engasjerer meg er bondehelse. Vi les om store, triste dyretragedier i media. Få skriv om korleis bonden har det når det rammar. Ein frisk bonde vil ikkje dyra sine vondt. Ein frisk bonde spør om hjelp når hen treng det. Når slike dyretragediar skjer, har ikkje bonden det godt. Og det må vi tenkje på før vi dømmer nokon. Det kan og skje den beste. Den du ikkje trur det skjer hjå. Eg ynskjer meg eit varmare samfunn. Eit samfunn med folk som bryr seg om grannen. Som kikar inn i fjosdøra ein gong i blant. Det er det vi treng



Audmjuk Borgny



## Møter og arrangement som styremedlemmene har vore med på



### **Borgny Sletten**

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag  
Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag  
Regionmøte i Oppland Bygdekvinnelag  
Distriktledermøter NBK  
Møter med Eva Dybwad Alstad frå Norges Bygdekvinnelag  
Mathelg i Lom  
Inspirasjonshelg på Honne  
Styremøter i Innlandet Bondelag  
Årsmøte i Innlandet Bondelag  
Jordvernalliansen  
Studieforbundet Kultur og tradisjon  
Landbruksråd Innlandet  
Landsmøte Norges Bygdekvinnelag  
Matfylket Innlandet  
Lederprogrammet i Studieforbundet  
Lagt ut på nettsida, Facebook og Instagram for OBK  
Varamedlem styret til Norges Bygdekvinnelag.


### **Gudrun Hage Høvren**

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag  
Årsmøtet i Oppland Bygdekvinnelag  
Landsmøtet i Norges Bygdekvinnelag  
Inspirasjonshelg på Honne  
Kontakt med lokallaga før styremøter

### **Anne Grete Moen**

Styremøter i Oppland bygdekvinnelag  
Årsmøte i Oppland bygdekvinnelag  
Landsmøte i Norges bygdekvinnelag i Bergen  
Motivasjonshelg med Oppland bygdekvinnelag  
Kontakt med lokallaga før styremøter.  
Skriv referat frå styremøta





### **Åse Bårdseng**

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøtet i Oppland Bygdekvinnelag

Landsmøtet i Norges Bygdekvinnelag

Mathelg i Lom

Inspirasjonshelg på Honne

Kontakt med lokallaga før styremøte

### **Mari Andresen**

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøtet i Oppland Bygdekvinnelag

Regionmøte

Styremøte i Oppland Bygdeungdomslag

Årsmøte i Vestre Toten Bygdekvinnelag

Inspirasjonshelg på Honne

Kontakt med lokallaga før styremøte

### **Anne Berit Svartaas**

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøtet i Oppland Bygdekvinnelag

Mathelg i Lom

Regionmøte

Inspirasjonshelg på Honne

Kontakt med lokallaga før styremøte

Ida Johansen har vore med oss frå

Oppland Bygdeungdomslag.



Delegatane til Landsmøte 2022

## Styrets arbeid 2022

Vi har hatt mykje kontakt på messenger, hatt 6 styremøter 2 fysiske og 4 digitalt, og sendt mykje mail. Samt at vi fekk arrangert nokre fysiske regionmøter hausten 2022. Regionmøtane har vore godt motteke og dette vil regionkontaktane ha fleire av. Det er fint og møtes på tvers av laga for å motivere kvarandre!

Samstundes har mange av oss i styret vore med både på Mathelga i Lom, Landsmøte og Inspirasjonshelga på Honne.

Vi har vore representerte hjå Innlandet Bondelag og Oppland Bygdeungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon, Matregion Innlandet og Jordvernalliansen igjennom året.

### Junikveld

Vi sitter i slørblå junikveld  
og svaler oss ute på trammen.  
Og alt vi ser på har dobbelt liv,  
fordi vi sanser det sammen.


Se – skogsjøen ligger og skinner rødt  
av sunkne solefalls-riker.  
Og blankt som en ting av gammelt sølv  
er skriket som lommen skriker.

Og heggen ved grinda brenner så stilt  
av nykveikte blomsterkvaster.  
Nå skjelver de kvitt i et pust av vind,  
– det er som om noe haster ...

Å, flytt deg nærmere inn til meg  
her på kjøkkentrammen!

Den er så svinnende kort den stund  
vi mennesker er sammen.

*Hans Børli*



## Mathelg i Lom 22.-24.April 2022

Fredag 22. Var vi ein stor gjeng som var på besøk hjå Ofossen Mølle, der vi fekk omvisning av Anders Ringebo. Lærerrikt å sjå kor byggmjølet frå Skjåk kjem i frå.

Etter besøk hjå Ofossen Mølle vart det litt fri før busstur til Vianvang der Arne Brimi og gjengen tok i mot oss.

Triveleg kveld, der vi var over 40 frå Bygdekvinnelaget!

Overnatting på Brimi Bue og Fossheim for oss, og laurdag var desse i sving for å motivere og inspirere oss:

Musikk innslag: Stian Nicolaisen

Velkomne til Lom: Borgny Sletten

Sofa prat: Elinor Rønningen, langtransportsjåfør, Vågå

Kristin Gjerdet Langlais, kokk, Skjåk

Marit Sletten, gardbrukar, Lom

Kva må til for å få folk til å busette seg på bygda?

Ola Rossehaug

«Kva er forskjell på dame og kar når det gjeld sysselsetting, likestilling i arbeidslivet mm»

Live Brimi


Årets Bygdekvinne i Norges Bygdekvinnelag, med bedrifta FLOR


Kristin Lemme

Studieforbundet Kultur og tradisjon ved Kristin T. Stasviken og Liv Skogstad.

Laurdag kveld var det middag på Brimibue, og søndag var det "Bergomsrunda" med Borgny som kjentkvinne, og besøk i Lom Stavkyrkje









# Inspirasjon og organisasjonshelg Honne 29.-30.Oktober 2023

Program i løpet av helga:

Anders Nordstad

Anders Nordrum

Krafttak mot kreft

Organisasjonsarbeid

Markedshagen ved Marte Olsen

Granum Gård ved Marianne Konow



Med midlar frå Studieforbundet Kultur og tradisjon vart dette ei helg fylt med mykje bra innlegg, og god stemning! Denne helga var i staden for leiarmøte som vi brukar å ha.

